

Fanebust 15.02.21

### **Kulturminne/Trondheimske postveg (Saknr: 21/250)**

I forbindelse med søknad om arealoverføring og bygging av ny driftsbygning på gards og br.nr 106/17 på Fanebust vil me gjere merksom på at me er klar over denne omsynsona til kulturminne når det gjeld postvegen. I dag bruker me denne vegen til driving av dyr til beite, noko som har gjort at den er der i dag, og ikkje heilt attgrodd. Me har rydda og halde vegen open i alle år, og det vil me halde fram med også i framtida. Bruken av dette arealet rundt postvegen vil altså vere som i dag. Når det gjeld søknad om ny driftsbygning, skal ikkje denne komme i konflikt med postvegen. Me vil halde god avstand til denne for å bevare den. Me vurderer å flytte heile bygget litt øst i forhold til det som er vist på kart i søknad. Dette for å komme lenger frå ei evt skedbane for snøskred, høgspenlinje, postveg, og for å tilpassa bygget bedre i terrenget. Dette jobber me med og kjem tilbake med nytt kart så snart det skulle bli aktuelt.

Mvh

Marius og Siv-Marit Rødland